



Brit Margrethe Dale sin søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen eller frå plan- og bygningslova om forbod mot byggjing i strandsona får framleis ikkje medhald i administrasjonen.

Skorpo-saka skal onsdag til veka opp for tredje gong i forvaltningskomiteen og rådmannen går inn for å seia nei nok ein gong.

Dale, som bur på Stord, ønskjer frådelling av eit tilleggsareal til fritidseigedomen sin på 180 kvadratmeter. Avslaget er heimla i plan- og bygningslova då det etter rådmannen si meining ikkje føreligg særlege grunnar etter lova.

Dispensasjonssøknaden er grunngeven med at det aktuelle arealet etter munnleg avtale har vore brukt av Dale sin eigedom sidan tomte vart frådelt i 1968 - mellom anna til tidlegare utedo.

Saka var oppe i forvaltningskomiteen desember i fjor med negativt utfall men vart påklaga og då tok forvaltningskomiteen klaga til følgje med fem mot tre røyster etter framlegg frå Gunn Mari Moberg. Seinare har fylkesmannen rådd ifrå at det vert gjeve dispensasjon

Administrasjonen peikar på at arealet i gjeldande kommunedelplan er avsett til område for fritidsbygningar med plankrav. Heile parsellen ligg innafor 100-meter-beltet frå sjøen, men tiltaket ligg ikkje innanfor funksjonell strandsona.

Administrasjonen peikar på at det er plankrav for å sikra ei best mogeleg utbyggjing av området. Det gjeld mellom anna tilkomst, vatn og avløp. Ein ny fritidsbustad kan hindra ei god utnytting av området bae når det gjeld tilkomst, avløp og plassering av nye bygg.

Det er allereie frådelt ein del parsellar i området som treng vegutløysing. Administrasjonen kan ikkje sjå at grunnane i søknaden veg tyngre enn krav om rreguleringsplan og vil på det sterkaste tilrå at reguleringsplan vert utarbeidd før ein set i gang nye byggjetiltak.

Av Ola Matti Mathisen